



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3746-1

## **Oppstart av arbeidet med handlingsprogram for fylkesrådet for eldre 2016 - 2019**

**Vedtak om vegen vidare med handlingsprogrammet vert formulert i møte til  
fylkesrådet.**

### **SAKSFRAMSTILLING**

For perioden 2012 – 2015 vart det sett opp eit handlingsprogram for fylkesrådet for eldre. Det bør setjast opp eit handlingsprogram for fylkesrådet for eldre for perioden 2016 – 2019. Handlingsprogrammet bør vert konkret og kortfatta, og tiltaka bør kunne evaluerast.

Det er kome inn fylgjande innspeil til tema som ein bør vektlegge i handlingsprogrammet:

- Aktivitetssenter i kommunane og livskvalitet for eldre
- Universell utforming i alle samanhengar
- Legge til rette for fortau/gang og sykkelveg i større grad enn det som er blitt gjort så langt. Ved bygging av ny veg bør fortau/gang og sykkelveg vere ein sjølvfølge, spesielt der det bur folk. Dette gjeld både riks-, fylkes-, kommunale og ved ein skilde høve private vegar.
- Kontakt med kommunale eldreråd. Er det enkelte område som fylkesrådet bør prioritere? For eksempel Hyllestad og Dalsfjordregionen?
- Fylge opp fylkeskommunale planar og budsjett

I reglementet for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er det oppført fylgjande oppgåver:

- Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet skal i alle høve ha følgjande saker til handsaming: Årsbudsjett, langtidsbudsjett, fylkesplan, og eller sektorplanar som har særleg interesse for eldre. Plikta til medverknad vil såleis gjelde tiltak og planar i sosial- og helsesektoren, samferdslesektoren og kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre fylkeskommunale tiltak som vedkjem eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

Eldre sin rett til medråderett er ein viktig del av demokratiet og eldreråda skal fungere som eit talerør for innbyggjarane i kommunane og fylkeskommunane. Eldrerådet er eit forum for påverknad og medråderett og har mykje å gje fellesskapet. Det enkelte lokalsamfunn må heile tida verte bevisstgjort om kva som må til for å ivareta dei eldre sine rettigheiter og velferd. Blant anna må det etablerast gode rutinar og forståing av kor viktig det er at eldrerådet både er tidleg aktiv og pådrivande for å bidra til at dei andre rådsorgana har eldrerådet sitt syn med seg i si handsaming av saker.

Spørsmål til diskusjon:

Korleis skal utforminga av handlingsprogrammet vere?  
Kva tema skal ein legge mest vekt på?

Skal fylkesrådet jobbe med eit gjennomgåande tema i heile perioden? I så fall kva tema skal det vere?